



Møtebok for Kommunestyret

Møtedato: 15.10.2019
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 12:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Ove Eidsnes	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Linda Neset	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	
Sigrun Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Varamedlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	

Sakliste

Saknr	Tittel
046/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
047/2019	Godkjenning av møteprotokoll
048/2019	Orienteringssaker
049/2019	Godkjenning av kommunevalet 2019
050/2019	Nordhordland kemnerkontor - ny samarbeidsavtale
051/2019	Samanslåing av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Nordhordland Revisjon IKS
052/2019	Val av formannskap
053/2019	Val av kontrollutval for kommunestyreperioden 2019 - 2023
054/2019	Val av ordfører
055/2019	Val av representant til Kommunens Sentralforbund(KS)
056/2019	Val av valutval
057/2019	Val av varaordfører

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vathe Lilletvedt	FE-033	19/231

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
046/2019	Kommunestyret	PS	15.10.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 046/2019

KS - behandling:

Ordførar låg fram forslag om å handsame sakene i følgjande rekkjefølgje:

Godkjenning av møteprotokoll

Godkjenning av kommuneval

Val av formannskap

Val av ordførar

Val av varaordførar

Val av kontrollutval

Val av valutval

Val av representant til Kommunenes Sentralforbund(KS)

Nordhordland kemnerkontor - ny samarbeidsavtale

Samanslåing av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Nordhordland Revisjon IKS

Orienteringssaker

Framlegget til ordførar vart samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/231

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
047/2019	Kommunestyret	PS	15.10.2019

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 047/2019

KS - behandling:

Samrøystes

KS - vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 05.09.2019

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/231

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
048/2019	Kommunestyret	PS	15.10.2019

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 048/2019

KS - behandling:

Ordførar orienterte kort om Innsamlingsaksjonen 2019. Kommunestyret vedtok at kommunen sitt bidrag skal vere 25000.- kr

KS - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-014	19/219

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
049/2019	Kommunestyret	PS	15.10.2019

Godkjenning av kommunevalet 2019

Forslag til vedtak:

Kommunestyret godkjenner valresultatet 2019

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Dei nyvalde kommunestyrea skal kome sama til konstituerande møte innan utgangen av oktober, jfr gjeldande kommunelov § 17 og ny kommunelov § 7-1 første ledd. Det er først når det konstituerande møtet er satt, at den nye kommunelova trer i kraft. Det er den sittande ordføraren som kaller inn til det konstituerande møtet, og som leier møtet fram til det er vald ny ordførar. Møtet skal kallast inn med minst 14 dagers varsel, og minst 2/3 av medlemmane må vere tilstade for at det nyvalde kommunestyret skal kunne gjere vedtak.

Som første sak skal kommunestyret avgjere om kommunestyrevalet er gyldig. Dette følgjer av vallova § 13-4 første ledd.

Vurdering

Det har ikkje framkome klagar eller merknader til valresultatet i Modalen kommune.

Konklusjon

Dette tilseier at det ikkje er grunn til tvil omkring valresultatet, slik det kjem fram av valstyret sin valprotokoll.

Kommunestyret - 049/2019

KS - behandling:

Ordførar og rådmann orienterte kort om gjennomføringa av valet.
Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Kommunestyret godkjenner valresultatet 2019

Vedlegg:

Valprotokoll for kommunevalet 2019

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-046, TI-&01	19/216

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
050/2019	Kommunestyret	PS	15.10.2019

Nordhordland kemnerkontor - ny samarbeidsavtale

Forslag til vedtak:

Kommunestyret i Modalen vedtek Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Osterøy kommune, Modalen kommune og Masfjorden kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Frå og med 1.1.2010 har kommunane Lindås, Meland, Radøy, Osterøy og Modalen hatt eit interkommunalt vertskommunesamarbeid om skatteoppkreverfunksjonen. Lindås kommune er vertskommune.

Vedlegg 1: Opprinnelig samarbeidsavtale.

Nordhordland kemnerkontor ivaretar dei oppgåvene som er pålagt den kommunale skatteoppkreveren i skattebetalingslova for alle medlemmskommunane. Dette gjeld innkreving av skatte- og avgiftskrav, gjennomføring av arbeidsgjevarkontroll og føring av skatterekneskapet. I tillegg har kemnerkontoret ansvar for innkreving av kommunale avgifter med legalpant som kan innkrevast etter skattebetalingslovas reglar. Per i dag gjeld dette feieavgift, årsavgift vatn og avløp, samt egedomsskatt for dei kommunane som har dette.

Nordhordland kemnerkontor består i dag av 7,8 årsverk, fordelt på 8 ansatte.

På bakgrunn av kommunesammenslåing, ny deltakerkommune og tilføring av nye oppgaver til kemnerkontoret er det naudsynt å endre samarbeidsavtalen.

Kommunesamanslåing:

Kommunane Lindås, Meland og Radøy har vedteke å slå seg saman frå 1.1.2020. Namnet til den nye kommunen vert Alver kommune.

Ny vertskommune i det interkommunale samarbeidet vert endra frå Lindås kommune til Alver kommune.

Ny deltakar:

Masfjorden kommune har i brev av 28.03.2019 søkt om å bli tatt opp som deltakar i samarbeidet. Opptak av nye medlemmar til samarbeidet kan skje etter søknad dersom alle deltakerkommunane er einige. For å få delta, må nye deltakarar betale inn tilsvarende sum som dei andre deltakande kommunane har måtte leggje ned i oppretting av samarbeidet. Sjå opprinnelig samarbeidsavtale punkt 9.

Samla kostnad ifm oppstart av Nordhordland kemnerkontor var kr 406 670, der kr 159 003 vart fordelt mellom kommunene forholdsmessig etter innbyggjertal. Dei øvrige kostnadane vart dekkja med midler frå Fylkesmannen.

Vedlegg 2: Oversikt over oppstartkostnader - Sluttoppgjer

Hadde Masfjorden kommune blitt deltaker frå start av i 2010 ville dei med 1711 innbyggjarar (tall pr 2018) hatt 4,68 % av totalinnbyggjarane. Dette ville utgjort kr 7 727. Beløpet vert å betale inn av Masfjorden kommune for 2020.

Nye oppgaver til kemnerkontoret:

Det er gjennomført eit delprosjekt om utgreiing av intern eller ekstern inkasso. Administrativ styringsgruppe i Alver har vedteke prosjektgruppas tilråding om å overføre oppgåva med innkreving av kommunale krav til kemnerkontoret. Overføring av slike oppgaver krev vedtak i kommunestyra.

I dag er oppgåva med innkreving av forfalte og ubetalte kommunale krav, slik som barnehagebetaling, SFO, husleige og avfallsgebyr overlete til inkassoselskap for fleire av kommunane. Denne oppgåva kan kemnerkontoret gjere på vegne av alle kommunane. Oppgåva kan gjerast ved bruk av sakshandsamingssystemet som allereie vert brukt til innkreving av kommunale avgifter med legalpant.

Dersom innkreving av renovasjonsgebyr vert gjort av kemnerkontoret, kan innkreving skje etter reglane om innkreving av skatte- og avgiftskrav i skattebetalingslova. Det er sannsynleg då at mange saker vil kunne løysast ved utleggstrekk i løn, som ikkje involverer den ordinære namsmannen, og som heller ikkje koster gebyr.

Prosjektgruppa har lagt til grunn at eigeninkasso vil vere rimelegare for skyldnarane og nærast sjølvfinansiert ved gebyr- og salærinntekter. Ein føresetnad for dette er at kemnerkontoret får einerett til å drive kommunal innkreving. Dette for å sikre tilstrekkeleg sakstilfang, for igjen å sikre tilstrekkeleg gebyr/salærinntekter for å kunne dekke kostnadar til naudsynt oppbemanning for å vere i stand til å utføre oppgåva.

Det må arbeidast vidare med å avklare avviking av samarbeidet med inkassoselskapa for dei kommunane som har avtale med slike, og korleis «gamle» saker skal handterast.

Målet er at overføring av nye saker fra kommunane skal kunne gjerast fra 1. januar 2020 til kemnerkontoret.

Økonomiske tilhøve

I den opprinnelege samarbeidsavtalen er det avtalt at alle deltakarar skal betale ei fast deltakaravgift årleg, at dei deltakarane som har eigedomsskatt på hus og hytter skal dele kostnaden med eit halvt årsverk mellom seg, og at resten av kostnadane skal delast mellom deltakarane etter innbyggjertal. Gebyrinntekter og inntekter etter sal av tenester reduserer kostnaden for kommunane.

Etter kommunesammenslåing og etter opptak av Masfjorden kommune, vil det kun vere Osterøy kommune som skal ha eigedomsskatt på hus og hytter frå 1.1.2020. Jobben med å kreve inn eigedomsskatt for hus og hytter medfører ingen, eller særst lite, ekstra arbeid. Særleg så lenge denne skatten vert fakturert saman med andre kommunale avgifter. Ein foreslår difor å kutte ut denne delen, og at det etter den faste deltakeravgifta kun vert fordeling mellom alle deltakerkommunane etter innbyggjertal.

Det økonomiske oppgjeret, med regulering av deltakeravgift og berekning av forholdstal, skjer ein gong per år.

Endring av oppsigelsestid

Oppsigelsestida i opprinneleg avtale var to år. Ny kommunelov legg opp til ei oppsigelsestid på eit år, men som kan fråvikast ved avtale. Ein foreslår at oppsigelsestida vert lik som i lov.

Heimel for samarbeidet,

§ 20-2. Administrativt vertskommunesamarbeid

«En kommune (samarbeidskommune) kan avtale med en annen kommune (vertskommune) at vertskommunen skal utføre oppgaver og treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning. Dette gjelder på tilsvarende måte mellom fylkeskommuner.

Kommunestyret eller fylkestinget delegerer selv myndighet til å treffe vedtak som er nevnt i første ledd, ved å instruere kommunedirektøren i egen kommune eller fylkeskommune om å delegere myndigheten til kommunedirektøren i vertskommunen.

Folkevalgte organer i vertskommunen har ikke instruksjons- eller omgjøringsmyndighet i saker der myndigheten er delegert etter andre ledd.

En samarbeidskommune kan gi vertskommunen instruks om hvordan den delegerte myndigheten skal utøves i saker som bare gjelder samarbeidskommunen eller dens innbyggere.

Hvis vertskommunen treffer vedtak etter delegert myndighet fra en samarbeidskommune, kan samarbeidskommunen omgjøre vedtaket etter reglene i [forvaltningsloven1 § 35](#) første ledd»

§ 20-4.Samarbeidsavtale

«Når et vertskommunesamarbeid opprettes, skal det inngås en skriftlig samarbeidsavtale mellom deltakerne i vertskommunesamarbeidet.

De enkelte kommunestyrene eller fylkestingene i alle deltakerkommunene skal selv vedta samarbeidsavtalen og endringer som gjelder forhold som er nevnt i tredje og fjerde ledd. Samarbeidsavtalen skal inneholde bestemmelser om

- a) deltakerne i samarbeidet
- b) hvem av deltakerne som er vertskommune
- c) hvilke oppgaver og hvilken myndighet som skal legges til vertskommunen
- d) når oppgaver og myndighet skal overføres
- e) hvilke av vertskommunens vedtak deltakerne skal underrettes om
- f) hvordan det økonomiske oppgjøret mellom samarbeidskommunene og vertskommunen skal foregå
- g) hvordan deltakerne kan tre ut av samarbeidet
- h) hvordan samarbeidet skal oppløses
- i) annet som etter lov skal fastsettes i avtale.

Avtaler om vertskommunesamarbeid med felles nemnd skal også inneholde bestemmelser om hvor mange medlemmer den enkelte deltakeren skal ha i nemnda.

I et vertskommunesamarbeid mellom kommuner skal vertskommunen orientere fylkesmannen om at samarbeidet er opprettet. I et vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommuner skal vertskommunen orientere departementet om at samarbeidet er opprettet»

Vurdering

Nokre av endringane i samarbeidsavtalen er knytta til endra eigarstruktur som følgje av kommunereforma med etablering av nye kommunar, og Masfjorden sitt ynskje om å ta del i samarbeidet, og er difor naudsynt å gjennomføre.

Økonomisk sett aukar kostnaden for Modalen med ny samarbeidsavtale frå 169 000 kr i 2018 til 178 000 kr i 2020. Auken er om lag på nivå med årleg løns- og prisvekst, og dermed ikkje ein reell kostnadsauke. I tillegg ligg det inne at kemnerkontoret får tilført nye oppgåver, uten at kostnadane skal auke av den grunn.

Rådmannen er også positiv til at kemnerkontoret vert tilført nye oppgåver i form av innkreving av kommunale krav. Dette er noko administrasjonen ved rådmann og økonomisjef har ynskt tidlegare, og som ein no er sær s n øgd med at kemnerkontoret foreslår i utkast til ny avtale. For Modalen vil dette avlaste økonomikontoret sidan vi ikkje har hatt avtale med eksternt inkassoselskap om denne innkrevinga. I tillegg er det positivt at kemnerkontoret vil overta innkrevinga av renovasjonsgebyr, då NGIR si løysing fram til no, med bruk av ekstern inkasso og begjæring av tvangssal, har vore ei sær s kostbar ordning for forbrukarar som ikkje har betalt renovasjonsavgifta.

Konklusjon

Rådmannen vurderer at Modalen kommune bør gjere eit likelydande vedtak som dei andre eigarkommunane, og godkjenne ny samarbeidsavtale slik den ligg føre.

Kommunestyret - 050/2019

KS - behandling:

Rådmannen orienterte.

- Merk: I statsbudsjettet for 2020 foreslår regjeringa at kemnerkontoret sine oppgaver skal overførast til staten f.o.m. juni 2020. Modalen kommune må likevel saman med samarbeidskommunane ivareta funksjonen første halvår 2020.

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Kommunestyret i Modalen vedtek Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Osterøy kommune, Modalen kommune og Masfjorden kommune

Vedlegg:

Fordeling budsjett 2020

Kopi av Samarbeidsavtalen

Ny Samarbeidsavtale

Oppstartskostander 2010 S900

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-216	19/106

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
051/2019	Kommunestyret	PS	15.10.2019

Samanslåing av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Nordhordland Revisjon IKS

Forslag til vedtak:

1. Det blir etablert eit nytt kommunalt revisjonsselskap, Vestlandsrevisjon IKS. Modalen kommune teiknar seg som eigar og godkjenner framlegget til selskapsavtale gjeldande frå stiftingsdato og fram til 31.12.2019
2. Som kommunen sin representant i representantskapet i det nye selskapet vert vald *ordførar* og vararepresentant *varaordførar*
3. Modalen kommune godkjenner selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS som skal gjeld frå 01.01.2020
4. Når nytt selskap er vedteke stifta, blir NHR IKS avvikla.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

3.januar 2019 var det eigarmøte i Bergen for kommunane i Nordhordland Revisjon IKS (NHR IKS) og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) der framtida for kommunal revisjon i Hordaland var tema. Desse to selskapa er kommunale revisjonsselskap, og begge blir påverka av kommunereforma som fører til færre eigarkommunar i selskapa frå 31.01.2020. På eigarmøtet vart det gjort vedtak om at styra i selskapa skulle utgreia samanslåing. Målet for arbeidet har vore å greia ut eit selskap som kan gje kommunal revisjon i eigenregi som har:

- solid kompetanse
- tilstrekkeleg kapasitet
- leverer revisjonstenester med høg kvalitet
- konkurransedyktig pris

Etter dette sette styra i dei to selskapa ned ei arbeidsgruppe som først utforma ein intensjonsavtale

om samanslåing og så utarbeidde utgreiinga «Utgreiing kring samanslåing av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Nordhordland Revisjon IKS». Utgreiinga tilrår at dei to selskapa går saman og stiftar eit nytt selskap med namn Vestlandsrevisjon IKS. Tilrådinga er vedteken i styra for dei to selskapa, lagt fram for representantskapet i NHR IKS, og utgreiinga med innstilling er sendt til handsaming i eigarkommunane med framlegg til vedtak.

Frå 01.01.2020 skal Meland og Radøy kommunar gå saman med Lindås kommune og etablera Alver kommune. I samband med dette har ein gjort vedtak om utmelding frå, med verknad frå og med 01.01.2020. Utmeldinga er motteken og stadfest av NHR IKS. Det har vore drøftingar mellom selskapet og kommunane om formalitetar og oppgjer når Radøy og Meland går ut som eigar. Drøftingane har hatt som mål å finna gode løysingar både for Meland og Radøy kommunar som går ut og for selskapet og dei kommunane som blir eigarkommunar vidare. Utmeldinga frå Radøy og Meland kommunar har store konsekvensar for selskapet.

Arbeidet med samanslåing/stifting av eit nytt selskap.

Etter at Meland og Radøy kommunar går ut av selskapet er det 5 eigarkommunar att. Desse er Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy kommunar. Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) har no 6 eigarkommunar. Desse er Voss, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda og Jondal. I tillegg reviderer IHR Granvin kommune gjennom dotterselskapet Vestlandsrevisjon AS. Etter kommunereforma er talet på kommunar redusert til 4, då Voss og Granvin går saman til nye Voss kommune og Ullensvang, Odda og Jondal blir nye Ullensvang kommune. Ved samanslåing av desse to selskapa vil ein få 9 eigarkommunar .

Interkommunale selskap vert etablert etter «Lov om interkommunale selskap», og lova krev at den skriftlege selskapsavtalen vert vedteken av kommunestyret sjølv.

§ 4.Selskapsavtale

For interkommunalt selskap skal det opprettes en skriftlig selskapsavtale. For de enkelte deltakere skal kommunestyret eller fylkestinget selv vedta avtalen. For deltaker som er interkommunalt selskap, vedtas selskapsavtalen av representantskapet. Vedtaket krever tilslutning fra samtlige medlemmer av representantskapet med mindre annet er fastsatt i selskapsavtalen for det deltakende selskap.

Endringer i selskapsavtalen som gjelder forhold som omtalt i tredje ledd, skal skje på samme måte. Andre endringer vedtas av representantskapet med tilslutning fra minst to tredeler av de avgitte stemmer med mindre det er avtalt at også slike endringer skal vedtas i samsvar med regelen i første punktum.

Selskapsavtalen skal i det minste angi følgende:

- 1. selskapets foretaksnavn;***
- 2. angivelse av deltakerne;***
- 3. selskapets formål;***
- 4. den kommune der selskapet har sitt hovedkontor;***

5. antall styremedlemmer;

6. deltakernes innskuddsplikt og plikt til å foreta andre ytelser overfor selskapet;

7. den enkelte deltakers eierandel i selskapet og den enkelte deltakers ansvarsandel i selskapet dersom denne avviker fra eierandelen;

8. antall medlemmer av representantskapet og hvor mange medlemmer den enkelte deltaker oppnevner;

9. annet som etter lov skal fastsettes i selskapsavtalen.

0 Endret ved [lov 5 sep 2003 nr. 91](#) (ikr. 1 mars 2004 iflg. [res. 5 sep 2003 nr. 1118](#)).



Dersom det skal vera mogleg for selskapa å etablere og registrere eit selskap som kan vera operativt frå 01.01.2020 er vi avhengig av at saka blir handsama tidleg på hausten 2019 i **alle** noverande eigarkommunar, både dei som går ut av NHR IKS og dei kommunane i IHR som går saman til større kommunar i IHR. Dette kan verka ulogisk, og det er ei utfordring som fleire kommunar og kommunar som er råka av kommunereforma er oppe i. I utgreiinga «Sammenslåing Vestfold og Telemark kommunerevisjoner» er dette grunngeve slik: *Myndighet til å stifte selskap kan ikke delegeres til fellesnemda. Det følger av bestemmelsen om at det er «kommunestyret selv» som vedtar selskapsavtalene. Det er også derfor vi har valgt å stifte selskapet med de «gamle» kommunene som stiftere fordi vi ikke tar sjansen på å rekke dette etter konstituering av nye kommunestyre etter valget og samtidig få registrert selskapet i Brønnøysund før årsskiftet.* Dette er også situasjonen for NHR IKS og IHR. Derfor må Meland og Radøy kommunar også ta stilling til denne utgreiinga. Dette er ein formalitet, all den tid prosessen med uttrede av NHR IKS alt er starta og oppgjer må skje i dette selskapet og det påfører ikkje kommunane utgifter.

Som følge av dette er det i utgreiinga lagt fram framlegg til to selskapsavtalar,

- ein med kommunenamna før årsskiftet og
- ein der kommunenamn og eigarbrøkar er i tråd med kommunereform og eigarstatus frå og med 01.01.2020.

Rammer for eigarskap og oppseiing i kommunale selskap

NHR IKS er etablert etter § 78 nr. 3 i kommunelova: *Valg av revisor: Kommunestyret og fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i et interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med en annen revisor.*»

Selskapet er regulert av Lov om interkommunale selskap som set rammer for av selskapet. Mest sentrale er desse bestemmelsane:

§ 3. *Deltakeransvar: Den enkelte deltaker hefter ubegrenset for en prosent- eller brøkdelen av selskapets forpliktelser. Til sammen skal delene utgjøre selskapets samlede forpliktelser. Den enkelte deltakers ansvar for selskapsforpliktelser svarer til deltakerens eierandel i selskapet med mindre annet fremgår av selskapsavtalen.*

§ 30.Uttreden: «Den enkelte deltaker kan med ett års skriftlig varsel si opp sitt deltakerforhold i selskapet og kreve seg utløst

Utløsningssummen fastsettes til andelens nettoverdi ved oppsigelsesfristens utløp. Utløsningssummen kan likevel ikke overstige verdien av deltakerens innskudd. ...

Er deltakerens andel negativ, er det deltakerens tap som skal innbetales.

Status for egne og forpliktingar i selskapet.

NHR IKS har ikkje eigedommar eller andre verdiar. Selskapet sin kapital er dei tilsette og deira kompetanse. Det er heller ikkje innskot frå eigarkommunane i selskapet.

Selskapet har ikkje gjeld. Derfor er den summen eigarkommunane må innfri i all hovudsak knytt til opparbeidde pensjonsrettane for dei tilsette. Eigarkommunane heftar i dag for pensjonsforpliktingar i same storleik som sin eigardel i dei respektive selskapa. Hovudregelen er at tidlegare arbeidsgjevar som heftar for opptente pensjonsrettar, også har ansvaret for å betala framtidig reguleringspremie jfr Overføringsavtalen

Tilsette i eit kommunalt eigd selskap arbeider for kommunen og har dei same rettar og plikter som andre kommunalt tilsette. Premien vert til vanleg betalt løpande og basert på faktiske og påløypte pensjonskostnader. KLP er selskapet sin pensjonsleverandør. Etter opplysningar frå KLP er eingongspremien for dei samla pensjonsforpliktingane i selskapet ved uttreden/avvikling pr. mai 2019 sett til **kr 5 404 858** medan dei for IHR er sett til **kr 6 266 412**.

Dersom ein skal gjera opp desse kostnadene er regelverket slik: For kommunar og verksemder som er tilslutta KLP og har forpliktet seg på avtalen om overføring og samordning av pensjonsrettar («overføringsavtalen»), skal det krevjast ein eingongspremie for forventet framtidig tilleggspremie (§9, 3 ledd) til sikringsordninga. Dette skal dekkja framtidige G-reguleringar, mogleg uttak av pensjon etter 85 års regelen, AFP frå 65 år eller andre moglege utslag av regelverket for offentlege tenestepensjonar under overføringsavtalen. Eingongspremien inneheld også eit forsikringselement fordi Pensjonskontoret ikkje tar risikoen for hendingar og endringar i som kan auka kostnadene i framtida. Derfor er kostnaden etter prinsippa i sikringsordninga høgare enn dei rekneskapstekniske utrekningane. Ved eventuell innløyning blir kostnadene for eigarkommunane då slik:

Tabellen over viser kva pensjonspremie var pr eigarkommune i 2018 og kva kvar av eigarkommunane må betala dersom ein skal innfri pensjonsforpliktingar ved ein eingongspremie. Dette har vore drøfta med KLP, og arbeidsgruppa har også greidd ut eit alternativ der noverande pensjonsavtale for NHR pr 31.12.2019 held fram som eigen avtale. Kostnadene vert fordelt og fakturert etter eigarbrøken i NHR-IKS slik den er pr 31.012.2019. Ei slik løysing medfører:

- Pensjonsforpliktingane i NHR IKS pr 31.12.2020 blir handsama som alle andre kommunale pensjonsforpliktelsar, vidareførte i eigen avtale med KLP og betalt løpande av eigarkommunane.
- Ingen av eigarkommunane må betala ein stor eingangspremie.

- Uansett endringar i regelverk må ingen av kommunane betala meir enn sin del av til ein kvar tid faktiske kostnader for pensjonsforpliktelsane pr.31.12.2019.
- Det er venta at årleg premie vert redusert i perioden, som følgje av at ingen nye kjem inn i ordninga, og personar omfatta av ordninga fell ifrå.
- Det vert inngått ny avtale for dei som er tilsette i NHR-IKS (Vestlandsrevisjon IKS) frå og med 01.01.2020. Kostnadene med denne vert dekkja av selskapet sjølv.

Ved etablering av nytt selskap og eventuell avvikling av NHR IKS må tidlegare eigarar av NHR IKS ta stilling til korleis dei ynskjer å innfri pensjonsforpliktingane.

Det har vore eit mål for utgreiingsarbeidet at eit eventuelt nytt selskap kan gje eigarkommunane revisjonstenester av høg kvalitet og i tråd med deira behov. Det er også eit viktig mål å vera konkurransedyktig på pris. Dagens prismodell tek ikkje omsyn til at det kan vera store skilnader mellom kommunane i levert kvalitet i utført internkontroll og rekneskapsarbeid noko som påverkar medgått tid for revisjonen. I utgreiinga er det derfor gjort framlegg om at kostnadene for kommunane vert sett i ein prismodell som er mest mogleg lik modellar som blir nytta i marknaden, og som tek omsyn til at revisjonstenester skal dekkja kvalitets og dokumentasjonskrav etter internasjonale revisjonsstandardar. Modellen byggjer på tre element:

- **1) Grunnpris (lik for alle eigarkommunar)**
- **2. Grunnpakke forvaltningsrevisjon (lik for alle eigarkommunar)**
- **3. Grunnpakke revisjon (tek omsyn til innbyggjartal)**

Tenester og revisjonar som går utover dette vert utført etter bestilling og fakturert etter medgått tid. Det skal inngåast eigen avtale med kvar av eigarkommunane. Dette vil gje kommunane og revisjonen høve til dialog der ein kan ta opp presisering av kva som inngår i grunnprisen og samstundes ha fokus på korleis både revisjonen sitt arbeid og kommunen sitt eige arbeid med internkontroll, kompetanse og dokumentasjon av rekneskapsen kan effektiviserast og dermed redusera kostnader.

Dei tilsette i IHR IKS har bidrege aktivt i utgreiingsarbeidet og støttar konklusjonane i utgreiinga.

Vurdering

Utgreiingsarbeidet er no ferdig. Styret i NHR IKS har med dette lagt fram følgjande konklusjon og tilråding til eigarkommunane.

1. Det blir etablert eit nytt kommunalt revisjonsselskap med namn Vestlandsrevisjon IKS, med kontor i Knarvik og på Voss.

2. Selskapet vert organisert etter Lov om interkommunale selskap

3. Eigardel og ansvar blir fordelt mellom eigarane etter ein modell med to komponentar der 1/3 av eigardelen er fordelt likt mellom eigarane og 2/3 er vekta etter folketalet i kommunane.

4. Vestlandsrevisjon IKS vert valt til revisor for eigarkommunane, og eksisterande revisjonsoppdrag vert vidareført i det nye selskapet.

5. Honorar for tenester utført av Vestlandsrevisjon IKS legg til grunn ein grunnpris og ein avtalt fastprisdelt for grunnpakke revisjon og forvaltningsrevisjon, der eit element av fastprisen tek omsyn til kommunane sin storleik. Tenester utover grunnpakka vert fakturert etter medgått tid.

6. Tilsette blir overført til nytt selskap etter reglane om verksemdsoverdraging i arbeidsmiljølova.

7. Vestlandsrevisjon IKS skal vere organisert i KS Bedrift og ha Pensjonsordning i KLP. Dette vidarefører dei tilsette sine rettar.

8. Pensjonsforpliktingar vert overført til det nye selskapet. For å sikra ei rimeleg, rett og rettferdig handsaming av forpliktingar, vert løpande pensjonskostnadar i dei avvikla selskapa dekkja av eigarane etter eigardel på avviklingstidspunktet.

9. Dei heileigde dotterselskapa Nordhordland Revisjon AS og Vestlandsrevisjon AS vert fusjonert.

10. IHR og NHR IKS blir avvikla.

Konklusjon

Nokre av endringane i selskapsavtalen er knytta til endra eigarstruktur som følgje av kommunereforma med etablering av nye kommunar, og er difor naudsynt å gjennomføre. Rådmannen støttar og stiller seg bak dei vurderingane og konklusjonane som kjem fram i den vedlagte rapporten «Utgreiing kring samanslåing av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Nordhordland Revisjon IKS»

Rådmannen vurderer difor at det er naturleg at Modalen kommune gjer vedtak i tråd med framlegget.

Kommunestyret - 051/2019

KS - behandling:

Rådmannen orienterte.
Samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

1. Det blir etablert eit nytt kommunalt revisjonsselskap, Vestlandsrevisjon IKS. Modalen kommune teiknar seg som eigar og godkjenner framlegget til selskapsavtale gjeldande frå stiftingsdato og fram til 31.12.2019
2. Som kommunen sin representant i representantskapet i det nye selskapet vert vald *ordførar* og vararepresentant *varaordførar*
3. Modalen kommune godkjenner selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS som skal gjeld frå 01.01.2020
4. Når nytt selskap er vedteke stifta, blir NHR IKS avvikla.

Vedlegg:

Selskapsavtale Vestlandsrevisjon IKS_ fom 01.01.2020

Selskapsavtale Vestlandsrevisjon IKS_ fram til 31.12.2019

Utgreiing samanslåing - endelig og komplett

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-014	19/219

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
052/2019	Kommunestyret	PS	15.10.2019

Val av formannskap

Forslag til vedtak:

Formannskapet vert sett saman slik for kommunestyreperioden 2019 – 2023:

Medlemar:

Varamedlemar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I det konstituerande møtet skal kommunestyret velje:

- formannskap
- ordfører og varaordfører
- kontrollutval

Nytteomsyn taler for at ein følgjer rekkjefølgja i lista ovanfor. Det blir då lettare å sikre seg at reglane om at ordfører og varaordfører må vere medlem av formannskapet, og at ein medlem av kontrollutvalet ikkje kan vere medlem av formannskapet blir følgd.

Formannskapet er eit lovpålagt organ for kommunar som ikkje har parlamentarisk styreform, jfr ny kommunelov § 5-6.

Formannskapet må ha minst 5 medlemmer, og det er kommunestyret sjølv som vel medlemene, jfr ny kommunelov § 5-6 første ledd første punktum. Medleme og varamedlemene i formannskapet må vere faste medlemmer av kommunestyret, og er valde for fire år av gongen. Dette inneber at kommunestyret ikkje kan omorganisere eller gjere nyval av formannskapet i løpet av ein periode.

Medlemene skal veljast på vanleg måte, det vil seie at det skal vere avtaleval så lenge det ikkje er minst ein medlem som krev forholdsval. For meir utdjupande informasjon om valmåtane, sjå kapittel 7 i vedlagt Rundskriv H-419 om konstituerande møte i kommunestyre og fylkesting. Det er særskilt viktig å merke seg krava til kjønnsmessig representasjon, jfr ny kommunelov § 7-6 og § 7-7.

Kommunestyret - 052/2019

KS - behandling:

Forslag til formannskap:

Samlingslista: Kjetil Eikefet, Kristin Nåmdal og Liv Anne Aanesen. Vara 1: Anne-Britt Almelid, vara 2 Marit Kristin Nygard Nese.

Solrenningslista: Ann-Jorunn Farestveit og Håvard Engeseth. Vara 1 Robert Helland, vara 2 Linda Neset.

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Formannskapet vert sett saman slik for kommunestyreperioden 2019 – 2023:

Medlemmar: Samlingslista: Kjetil Eikefet, Kristin Nåmdal og Liv Anne Aanesen. Solrenningslista: Ann-Jorunn Farestveit og Håvard Engeseth

Varamedlemmar: Samlingslista: Vara 1: Anne-Britt Almelid, vara 2 Marit Kristin Nygard Nese. Solrenningslista: Vara 1 Robert Helland, vara 2 Linda Neset

Vedlegg:

Rundskriv om konstituerande møte i kommunestyre og fylkes(1040 (L)(39829)

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-014	19/219

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
053/2019	Kommunestyret	PS	15.10.2019

Val av kontrollutval for kommunestyreperioden 2019 - 2023

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vel desse medlemane til kontrollutval for kommunestyreperioden 2019 – 2023:

Leiar:

Nestleiar:

Medlem:

Medlem

Medlem:

Varamedlem:

Varamedlem:

Varamedlem:

Saksopplysningar:

Kontrollutval er eit lovpålagd organ. Utvalet sine oppgåver er nærare omhandla i kapittel 23 i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon, fastsett av departementet 17. juni 2019(sjå vedlegg). Etter § 7-1 i ny kommunelov skal kommunestyret velje kontrollutval i det konstituerande møte, og nytteomsyn talar for at ein vel kontrollutval etter val av formannskap og ordførar/varaordførar for å sikre at reglane om valbarheit vert følgde.

Etter § 23-1 første ledd i ny kommunelov, vel kommunestyret sjølv eit kontrollutval som på vegne av kommunestyret skal føre laupande kontroll med forvaltninga i kommunen. Kommunestyret vel også sjølv leiar og nestleiar i kontrollutvalet.

Etter § 23-1 andre ledd skal kontrollutvalet ha minst 5 medlemmer. Dette er ein auke i det lågaste talet på medlemmer samanlikna med utgåande lov. Minst ein av medlemane i utvalet skal veljast mellom medlemene av kommunestyret. I den nye lova er det også tatt inn ei føresegn om at leiaren ikkje kan vere medlem av same parti eller same gruppe som ordføraren i kommunen.

Dei vanlege krava til valbarheit i § 7-2 og kven som er utelukka etter § 7-3 gjeld også for kontrollutval. I § 23-1 tredje ledd bokstav a-h er det særlege reglar om kven som ikkje kan veljast til kontrollutvalet. Dette er:

- Ordførar og varaordførar
- Medlemar og varamedlemar av formannskapet
- Medlemar av kommuneråd
- Medlemar og varamedlemar av kommunestyrekomite
- Medlemar og varamedlemar av folkevald organ med myndigheit til å ta avgjerd (merk at medlemar og varamedlemar av kommunestyret likevel er valbare)
- Tilsette i kommunen
- Personar som har ei leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem i styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i.
- Personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap.

Det nedste punktet er nytt i lova, og gjeld dei tilfella der representantskapa i eit slikt interkommunalt samarbeid har oppretta eit underordna styringsorgan etter høvesvis § 18-3 fjerde led og § 19-3 femte ledd. Dersom eit slikt organ i realiteten er eit styre med dei oppgåvene og myndigheit som normalt ligg til eit styre i i eit selskap, så kan medlemene og varamedlemene i dette organet ikkje veljast til kontrollutvalet.

Som det går fram av lista, fører den nye lova vidare at ein person som er tilsett i kommunen ikkje kan veljast til kontrollutvalet, og dette gjeld uavhengig av kva stillingsbrøk vedkomande er tilsett i. Bakgrunnen for dette er omsynet til å sikre kontrollutvalet og medlemane skal vere uavhengig og utan bindingar til kommunen. Dessutan vil ein hindre at medlemar av kontrollutvalet får saker til handsaming som gjeld dei sjølve eller verksemda der dei er tilsett.

Kommunestyret kan når som helst halde nyval av medlemane i kontrollutvalet, jf kommunelova § 23-1 fjerde ledd. Kommunjestyret kan ikkje vedta å leggje ned kontrollutvalet i valperioden.

Kommunestyret - 053/2019

KS - behandling:

Forslag frå ordførar:

Leiar: Tom Kristian Thorsen

Nestleiar: Ove Eidsnes

Medlem: Sigrunn Almelid Birkeland

Medlem: Bjørn Helge Venås

Medlem: Hallgeir Neset

Varamedlem: Linda Tollefsen Ås

Varamedlem: Aud Almenningen Steinsland

Varamedlem: Jan Arild Steinsland

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Kommunestyret vel desse medlemane til kontrollutval for kommunestyreperioden 2019 – 2023:

Leiar: Tom Kristian Thorsen

Nestleiar: Ove Eidsnes

Medlem: Sigrunn Almelid Birkeland

Medlem: Bjørn Helge Venås

Medlem: Hallgeir Neset

Varamedlem: Linda Tollefsen Ås

Varamedlem: Aud Almenningen Steinsland

Varamedlem: Jan Arild Steinsland

Vedlegg:

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon (endelig versjon)

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-014	19/219

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
054/2019	Kommunestyret	PS	15.10.2019

Val av ordfører

Forslag til vedtak:

Som ordfører i Modalen kommune 2019 – 2023, vertvalt

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Val av ordfører og varaordfører er lovpålagt, og blir regulert av kommunelova § 6-2 og reglane om fleirtalsval i § 7-8. Kommunestyret vel sjølv ordfører og varaordfører i det konstituerande møtet, jfr § 7-1 tredje ledd.

Ordfører og varaordfører skal veljast for heile valperioden, jf § 6-2. Det er til dømes ikkje lov at to kandidatar deler på vervet med ein periode på to år kvar. Dei som er valbare til verva som ordfører og varaordfører er berre dei faste medlemene av formannskapet..

Ordføreren si rolle er definert i kommunelova § 6-1, samt i kommunalt delegeringsreglement for Modalen kommune. Dette inneber mellom anna:

- Leiar i kommunestyret/formannskapet.
- Er rettsleg representant for kommunen.
- Underteiknar på vegne av kommunen der det ikkje er delegert til andre.
- Møterett/talerett i alle politiske organ.

Kommunestyret - 054/2019

KS - behandling:

Forslag frå Kristin Nåmdal (Samlingslista): Føreslår Kjetil Eikefet som ordførar.
Samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Som ordførar i Modalen kommune 2019 – 2023, vert Kjetil Eikefet valt

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-014	19/219

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
055/2019	Kommunestyret	PS	15.10.2019

Val av representant til Kommunens Sentralforbund(KS)

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vel.... som representant og som vararepresentant til Kommunenes Sentralforbund (KS) sine fylkesmøte i valperioden 2019 - 2023

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Modalen kommune er medlem i Kommunenes Sentralforbund (KS).

KS ynskjer at kommunane sine utsendingar til fylkesmøte vert valt allereie på konstituerande kommunestyremøte. Jfr Modalen kommune sitt innbyggjartal, skal det veljast ein representant med vararepresentant frå vår kommune .

Konstituerande møte i KS Vestland er 14. november 2019

Utsendingar til KS sitt landsting vert valt på fylkesmøtet.

Kommunestyret - 055/2019

KS - behandling:

Ordførar lag fram forslag om seg sjølv som representant og varaordførar som vararepresentant Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Modalen kommune vel Kjetil Eikefet som representant og Ann-Jorunn Farestveit som vararepresentant til Kommunenes Sentralforbund (KS) sine fylkesmøte i valperioden 2019 - 2023

Vedlegg:

Skjema delegatar KS Vestland

Val til KS' organ 2019 - KS Vestland

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-014	19/219

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
056/2019	Kommunestyret	PS	15.10.2019

Val av valutval

Forslag til vedtak:

Formannskapet er valt som valutval for kommunestyreperioden 2019 – 2023.

Saksopplysningar:

Valutvalet(tidlegare valnemd) innstiller for kommunestyret når ein skal velje representantar til ulike styre, råd og utval. I tida med fleirtalsval var det tradisjon at valnemda var personidentisk med formannskapet, men valnemda har blitt valt i eit eige val under konstituerande kommunestyremøte. I samband med overgang til ny kommunelov har namnet på valnemd blitt endra til valutval i lovteksten.

I den nye kommunelova er det § 5-1 og § 5-2 nemnd kva for organ kommunen kan opprette som ein del av den politiske organiseringa av kommunen. Det er berre lov å opprette dei organa som er opplista i desse paragrafane. Nokre organa er kommunen pliktige å opprette. Dette gjeld partssamensett utval/administrasjonsutval, ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetting. Valutvalet innstiller representantar til desse organa som vert lagt fram for kommunestyret til handsaming og vedtak.

Valutvalet må ikkje forvekslast med valstyret. Valstyret sin funksjon er knytt gjennomføring av stortingsval og kommune-/fylkestingsval. Jf politisk organisering for Modalen, der det er definert at formannskapet er valstyre.

Kommunestyret - 056/2019

KS - behandling:

Ordfører tok rådmannen sitt framlegg opp til votering.
Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Formannskapet er valt som valutval for kommunestyreperioden 2019 – 2023.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-014	19/219

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
057/2019	Kommunestyret	PS	15.10.2019

Val av varaordfører

Forslag til vedtak:

Som varaordfører i Modalen kommune i perioden 2019 – 2023, vert valt

Saksopplysningar:

Val av ordfører og varaordfører er lovpålagt, og blir regulert av kommunelova § 6-2 og reglane om fleirtalsval i § 7-8. Kommunestyret vel sjølv ordfører og varaordfører i det konstituerande møtet, jfr § 7-1 tredje ledd.

Varaordfører skal veljast for heile valperioden, jf § 6-2. Det er til dømes ikkje lov at to kandidatar deler på vervet med ein periode på to år kvar. Dei som er valbare til verva som ordfører og varaordfører er berre dei faste medlemene av formannskapet..

Varardføraren si rolle er definert i kommunelova § 6-2.

Dersom ordfører trer midlertidig ut av sitt verv, trer varaordfører inn i rolla.

Kommunestyret - 057/2019

KS - behandling:

Linda Neset låg fram forslag om Ann-Jorunn Farestveit frå Solrenningslista som vararordfører. Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Som varaordfører i Modalen kommune i perioden 2019 – 2023, vert Ann-Jorunn Farestveit valt